



Fotgjengerovergangen i Uskedalen er mykje brukt, ikkje minst av den yngre generasjon...(Foto: Ola Matti Mathisen)

### På morgenvisten torsdag hadde politiet kontroll ved fotgjengerovergangen i Uskedalen

Dei hadde fått fleire klager på at einssilde bilistar ikkje overheld stoppeplikta for fotgjengarar. Men under kontrollen var det ingen ting å setja fingeren på, opplyser politibetjent Are Uppheim til Kvinnheringen.

Motoriserte vegfarande som ikkje stoppar for fotgjengarar som er på veg i eller ut av eit forgjengarfelt (sebrastriper) risikerer no eit bot på 5.200 kroner. I alvorlege tilfelle kan politiet beslagleggja førarkortet.